

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

Tilskot drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 1 791 650,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 036/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 1 791 650,- slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarende ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga «*tilskot til drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar*» som hadde søknadsfrist 01.03.2021.

Retningslinene seier at ordninga skal støtte oppunder drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar. Det er sett av 1 791 650 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2020 vart det fordelt 1 791 650 til ordninga.

Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

Saksopplysningar

Uttale idrettsrådet

Alver idrettsråd rår til utbetaling av Drifts- og aktivitetsmidlar i samsvar med framlegget frå kommunen.

Vurdering

Innstillinga er hovudsakleg fordelt etter medlemstal, kr. 250 per medlem 0-19 år, og kr. 100 per medlem 20+. Det er gjort nokre utjamningar som følgje av større forskjellar i tilskotssum frå eit år til eit anna. Dette er ein

følgje av ulike ordningar i dei tre kommunane som no er slått saman. Ein ser føre seg at dette vert siste år med ei slik utjamning.

Innstilling

<u>Søkjjar</u>	<u>Medlem 0-19 år</u>	<u>Medlem 20 +</u>	<u>Innstilling</u>	<u>Merknad</u>
Alver idrettsråd			100 000	
Alver klatreklubb	108	186	45 600	
Alver modellbilklubb	25	25	10 000	Utjamning utgjer 1250 kroner.
Eikanger IL	224	180	74 000	
FIL AKS-77	117	55	34 750	
Frekhaug diskgolflubb	2	103	10 800	
Gimle basket Alver	35	0	8750	
Hordabø IL	28	106	17 600	
IL Alvidra	271	133	89 150	Utjamning utgjer 8100 kroner.
IL Kvernbit	767	897	281 450	
Knarvik IL	367	135	105 250	
Lindås IL	469	223	139 550	
Manger IL	41	81	18 350	
Meland golflubb	226	1177	174 200	
Meland motorsportklubb	78	85	28 000	
Nordhordland ballklubb	650	283	200 800	Utjamning utgjer 10 000 kroner.
Nordre Holsnøy IL	303	182	93 950	
Nordhordland dykkarklubb	1	82	8450	
Nordhordland pistolklubb	0	169	16 900	
Nordhordland padleklubb	14	190	22 500	
Radøy fotballklubb	276	123	81 300	
Radøy idrettslag	132	36	36 600	
Radøy sportskyttarlag	30	9	8400	
Lindås skyttarlag	26	139	20 400	
Meland skyttarlag	48	226	34 600	
Radøy skyttarlag	30	62	13 700	
Seim skyttarlag	72	236	41 600	
Nordhordland turlag	491	1482	75 000	
Total			1 791 650	